



Ing. K. Dømbe
Fanaveien 221 C
5239 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1462 - 14/3713

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
20.02.2014

Endringsløyve planeringshøgde - Gbnr 137/772 Alver

Kommunen godkjenner søknad om endring av løyve med teikningar, kart og skildring mottatt 05.02.2014, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1. Det gis fritak for nabovarsling i samsvar med pbl § 21-3 (2).

Løyvet gjeld endring av løyve gjeve den 12.11.2013 i sak 2013/3323.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen.

Nabotilhøve

I medhald av reglane i plan- og bygningslova § 21-3 andre ledd blir det gjeve fritak for nabovarsling. Ein finn at deira interesser ikkje blir råka av arbeidet.

Tiltaket

Søknaden går ut på å planere ut den delen av tomt 7 som har blitt samanføyd med bnr. nr. 758, på ei lågare kote enn tidlegare godkjent. Det er ynskje om å planere denne delen til kote 62,8 og 63,0. Resten av tomta blir planert på kote 65,0 som godkjent i opphavleg løyve. Det omsøkte tiltaket er i seg sjølv søknadspliktig. Ein finn å kunne handsame søknaden som ein endringssøknad.

Visuell utforming

Tiltaket har etter plan- og bygningsstyresmakta sitt skjøn gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til si funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf plan- og bygningslova § 29-2.

Plassering og høgdeplassering

Planeringshøgda vert godkjent til kote 62,8 og 63,0 i samsvar med søknaden, jf pbl § 29-4 første ledd.

Oppsummering og konklusjon

Eventuelle vilkår i løyve gitt den 12.11.2013 sak 2013/3323 gjeld.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Gebyr

Gebyr for sakshandsaming vert sett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ for **2014**. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C.5.2p	Gebyr
Vesentleg terrenginngrep	10.000
SUM	10.000

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Nortrans Veg og Anlegg AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:
Ing. K. Dømbe

Fanaveien 221 C 5239

RÅDAL